Møre og Romsdal
fylkeskommune

Rauma kommune
Vollan 8 A
6300 Åndalsnes

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | | 66800/2022 | Rebekka Varne, 71 28 03 51 | 24.05.2022 |

-

## Salmar Farming AS org. nr. 966 840 528 - Akvakultursøknad om auke av biomasse for laks, aure og regnbogeaure på lokalitet 14043 Lybergsvika i Rauma kommune

Søknad frå Salmar Farming AS om auke av biomasse på klarert akvakulturlokalitet Lybergsvika i Rauma kommune.

Det er søkt om ei auke av biomassen med 1560 tonn. Lokaliteten vil då gå frå 3120 tonn til 4680 tonn MTB. Det er ikkje søkt om endring av areal eller anlegget, så søknaden blir sendt til orientering til Kystverket. Omsøkt lokalitet ligg i eit areal som er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan.

Søknaden er vurdert som komplett av Møre og Romsdal fylkeskommune, men vi gjer merksam på at det kan bli bedt om meir informasjon. Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal behandlast etter kapittel 3 Vurdering om planar eller tiltak etter §8 krever konsekvensutredning (§§ 9-12). Søkar har lagt ved sin vurdering av behov for konsekvensutgreiing. Fylkeskommunen sin vurdering er at det ikkje er naudsynt med tilleggsutgreiingar og sender søknaden til behandling hos sektormyndigheiter og Rauma kommune.

Meiner sektormyndigheitene at tiltaket kan få vesentlege verknader og det ikkje er tilfredsstillande utgreia i søknaden ber vi om at det blir meldt til fylkeskommunen innan 4 veker (24.06.2022). Vi ber også om at de konkretiserer kva forhold som bør belysast nærare.

Vi gjer søkar merksam på at Mattilsynet vil gjere ei vurdering om dei vil krevje ein biosikkerheitsplan før dei kan starte fyrste trinn av behandlinga deira.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Rauma kommune legg søknaden ut til offentleg innsyn i fire veker. Ifølgje forskrifta skal utlysinga vere annonsert i Norsk lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området. Vi ber kommunen, etter at søknaden har vore lagt ut til offentleg

innsyn, gi uttale om søknaden er i samsvar med kommunale planer og interesser. Kommunen sin uttale skal saman med innkomne merknadar sendast til Møre og Romsdal fylkeskommuneseinast 12 veker (09.08.2022) etter at de har mottatt søknaden.

Med helsing

Rebekka Varne
rådgivar

Kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kystverkets hovedkontor | Postboks 1502 | 6025 | Ålesund |
| SALMAR FARMING AS | | 7266 | KVERVA |

Vedlegg

| | |
|---|---|
| 1 | Salmar Farming AS - akvakultur i flytende anlegg - lokalitet 14043 Lybergsvika - Rauma kommune - Søknad om utvidelse |
| 2 | Vedlegg 6.1.2. Strømrapport Lybergsvika0320 |
| 3 | Vedlegg 6.1.3. Lybergsvika_Komplettkartpakke_1019 |
| 4 | Vedlegg 6.1.6. Vurdering av behov for konsekvensutredning |
| 5 | Vedlegg 6.1.1. Gebyr søknad MTB lok. 14043 Lybergsvika |
| 6 | Vedlegg 6.1.9. Mattilsynet IK-system_Internkontrollsystem 2022_Beskrivelse av styringssystemet |
| 7 | Vedlegg 6.1.9. Mattilsynet IK-system_Internkontrollsystem 2022_Liste over prosedyrer SalMar |
| 8 | Vedlegg 6.1.9. Mattilsynet IK-system_Internkontrollsystem 2022_Meny Matfisk IK-system |
| 9 | Vedlegg 6.1.9. Mattilsynet IK-system_Internkontrollsystem 2022_Undermeny H�ndtering av fisk matfisk |
| 10 | Vedlegg 6.1.5. Mattilsynet Beredskapsplaner_Beredskapsplan Lybergsvika |
| 11 | Vedlegg 6.1.5. Mattilsynet Beredskapsplaner_Beredskapsplan Matfisk |
| 12 | Vedlegg 6.1.5. Mattilsynet Beredskapsplaner_Felles beredskapsavtaler mellom selskapene i Midt-Norge |
| 13 | Vedlegg 6.1.5. Mattilsynet Beredskapsplaner_Kvartalsplan Lus SalMar Farming |
| 14 | Vedlegg 6.2.1.e. Korallundersøkelse Lybergsvika_0220 |
| 15 | Vedlegg 6.2.1.b. MOM-B Lybergsvika 2021 |
| 16 | Vedlegg 6.2.1.c. MOM-C Lybergsvika 2022 |
| 17 | Vedlegg 6.2.1.d. Strandsoneundersøkelse Lybergsvika 2019 |

18 Vedlegg 6.3. Mattilsynet fiskevelferdsoppsummering 2020 gen._20211118 GenerasjonsrapportLybergsvika V20
19 Vedlegg 6.3. Mattilsynet fiskevelferdsoppsummering 2020 gen._V20 Lybergsvika - Oppsummering_